



Seim Vvs Johannes Lie  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2060 - 19/31399

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
23.10.2019

## Utsleppsløyve - gbnr 156/39, 40 og 41 Lie nordre

Administrativt vedtak: **Saknr: 596/19**

Byggestad: Gbnr: 156/39  
Tiltakshavar: Johannes Lie  
Ansvarleg søkjar: Seim Vvs Johannes Lie  
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for slamavskiljar plassert på gbnr 156/2. Anlegget er felles for eigedomande gbnr 156/39, 40 og 41.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett leidning under fylkesveg 5474 og vidare ut i sjø.



Storleiken til utsleppet er opplyst til 15 pe.



Det vert elles vist til søknad mottatt 05.07.2019 og supplert i sak 19/1998 den 23.09.2019.

### **Planstatus**

Slamavskiljar skal ligge på gbnr 156/2 som i kommuneplan sin arealdel er sett av til LNF-føremål. Egedomenane som skal kople seg på anlegget ligg innafor LNF-spreidd i kommuneplanen sin arealdel.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det skal etablerast leidning ut i sjø og søknad er difor sendt til Bergen og Omland havnevesen for handsaming etter havne- og farvannsloven (hfl.) I førebels uttale i frå de vert det gjort merksam på at det i dette område er registrert gytefelt for torsk, og saka er difor sendt til Fiskeridepartementet for uttale. Vi syner til uttale frå Fiskeridepartementet datert 21.10.2019:

Viser til brev fra Bergen og Omland Farvannsforvaltning datert 03.10.2019.

Søknaden gjelder utlegging av avløpsledning i sjø på gnr 156 bnr 2 i Lindås kommune. Ledningen er 20 meter lang og skal legges ut til 10 meters dyp, ifølge søknaden.

I vårt kartverktøy [Yggdrasil](#), som dere finner på våre nettsider, er det registrert et nasjonalt viktig gytefelt for torsk. Vi ber om at utlegging av sjøledningen blir gjort utenom torsken sin gyteperiode, som er fra og med februar til og med april. Sjøledningen må ikke bli hengende oppe i vannsøylen, og bør festes/forankres med lodd eller lignende som er utformet på en slik måte at fiskeredskap ikke hefter.

Vi ber om kopi av vedtak i saken.

Det kan ikkje gjevast løyve til etablering av leidning ut i sjø før det ligg føre vedtak etter havne- og farvannsloven.

Når det gjeld etablering av avlaupsledning under offentleg veg skal dette godkjennast av vegmynde som for denne vegen er Statens vegvesen. Det kan ikkje gjevast løyve til etablering av avlaupsledning før dette ligg føre.

### **Passering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 05.07.2019.

### **Reinseløysing**

Utsleppet frå egedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

### **Drift og vedlikehald**

Egedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og egedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett

- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

#### Kap.12

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømme heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på gbnr 156/2. Utsleppsleidningen er lagt går over gbnr 156/2 fram til sjø.

Det ligg føre skriftleg avtale datert 22.03.2019 mellom tiltakshavar av gbnr 156/39, 40 og 41 og eigar av gbnr 156/2 Johannes Lie om rett til å føre avlaupsleidning over gbnr 156/2. Denne retten vart tinglyst den 11.04.2019.

#### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Vi gjer merksam på fiskeridepartementet sin uttale til søknaden, der det går fram at etablering av leidning ut i sjø ikkje kan skje i perioden februar til april på bakgrunn av registrert gytefelt for torsk i nærleiken av planlagd leidningstrasè.

Kommunen legg til grunn at utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

#### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 05.07.2019.

#### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg med leidning etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak. Vi gjer merksam på at før vi kan fatta vedtak etter plan- og bygningslova må det ligg føre vedtak etter havne- og farvannslova for etablering av leidning ut i sjø, og det må ligg føre godkjenning i frå vegmynde, Statens vegvesen for legging av røyr under offentleg veg. Det kan ikkje gjerast arbeid knytt til avlaupsanlegget før det ligg føre vedtak etter plan- og bygningslova.

#### **Vedtak:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for slamavskiljar på gbnr 156/2 på følgjande vilkår:**

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett nedgraven leidning til sjø.**
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 15 pe og gjeld for eigedomane gbnr 156/39, 40 og 41.**

3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmeast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13
5. Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
6. Eigedommen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Blink Hus Helge Rød	Hansdalsvegen 3	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Eivind Myksvoll Kolås	Lurevegen 360	5912	SEIM
Emilie Lie	Lurevegen 360	5912	SEIM
Ragna Myksvoll	Lurevegen 366	5912	SEIM
Reidar Hommedal	Lurevegen 366	5912	SEIM
Seim Vvs Johannes Lie		5912	SEIM
Älvsbyhus Norge AS	Postboks 2008	1520	MOSS
	Høyden		